



Vestre Slidre  
kommune



# Kommunedelplan Oppvekst 2018 - 2030

*Heilt naturleg – ekta vare!*

# **INNHOLD**

---

<b>1</b>	<b>Saman om ein god oppvekst .....</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>Visjon og prioriteringar .....</b>	<b>2</b>
2.1	Vestre Slidre skal vere ein god stad og vekse opp .....	2
2.2	Vestre Slidre skal fremje folkehelse, inkludering og universell utforming.....	2
2.3	Vestre Slidre skal fremje samarbeid og samhandling .....	3
<b>3</b>	<b>Viktige satsingsområde 2018 - 2030 .....</b>	<b>4</b>
3.1	Knallstart .....	4
3.2	Læringslivet .....	5
3.3	Sikkerhetsnett .....	6
3.4	Bygda og grenda mi.....	7
3.5	Vestre Slidre i verda og verda i Vestre Slidre .....	8
<b>4</b>	<b>Langsiktige utviklingstrekk og utfordringar .....</b>	<b>9</b>
4.1	Livsmeistring.....	9
4.2	Demokrati og medborgarskap.....	9
4.3	Bærekraftig utvikling .....	10
4.4	Digitalisering.....	10
4.5	Kompetanse og kvalitet for framtida .....	11
<b>5</b>	<b>Føringar .....</b>	<b>12</b>

# **1 SAMAN OM EIN GOD OPPVEKST**

---

Det er godt å bu i Vestre Slidre. Det vil vi at fleire skal få ta del i. Med kommunedelplanen for oppvekst 2018 – 2030 , ynskjer vi å vise korleis vi samarbeider breidt om vidare utvikling av oppvekstmiljøet for barn og unge.

Målet med ein kommunedelplan er å utvikle eit grunnlag for strategiske val og meir konkrete tiltak i eit 12-årsperspektiv. Planen er difor eit styringsdokument for dei folkevalde og administrasjonen. Denne skal sikre forsvarlege tenester for barn, unge og deira føresette innafor eit aldersspenn frå 0-23 år. Planen må sjåast i samanheng med kommunedelplan for helse og omsorg.

Kommuedelplan for oppvekst viser og korleis Vestre Slidre legg til rette for innbyggjarar i alle aldrar når det gjeld folkehelse, kultur, idrett og fritid.

Samarbeid er eit viktig stikkord i alle kommunens planer. Innbyggjarar i alle aldrar, lag og foreiningar, institusjonar, besøkande, offentleg administrasjon og politikarar lokalt og regionalt – alle er viktige samarbeidspartnarar for å skape ei kommune det er godt å bu i.

For å sikre ein god oppvekst er samarbeid mellom ulike faginstansar og føresette det viktigaste vi som kommune kan legge til rette for.

Kommunedelplanen for oppvekst syner mål for viktige område og korleis Vestre Slidre kommune skal arbeide for å nå desse måla. Årlig behandling av kommunedelplanens handlingsdel, andre planar og kommunens årsbudsjett fastset kva for tiltak vi skal prioritere for å nå måla våre og når dei skal gjennomførast.

Barn og unge er framtida til Vestre Slidre !



## 2 VISJON OG PRIORITERINGAR

**Vestre Slidre: heilt naturleg – ekta vare!**

*Vestre Slidre si styrke ligg i **det naturlege og ekte**. Denne styrka skal og ligge til grunn i kommunen si satsing på barn og unge dei neste 12 åra.*

*Det skal vere heilt naturleg og ekte at ein tilsett i kommunen i både **haldning og handling** arbeider etter målsettingane i denne kommunedelplanen.*

*Det skal vere heilt naturleg og ekte at alle vaksne i Vestre Slidre er vaksne for alle barn, ikkje berre sine eigne.*

### 2.1 Vestre Slidre skal vere ein god stad og vekse opp

Barns oppvekst må sjåast i eit heilskapleg perspektiv. Å legge til rette for at barn og unge får ein **knallstart** på livet, gjennom alle overgangane frå helsestasjon til barnehage til grunnskule til vidaregåande skule til arbeidslivet, er ei av dei viktigaste oppgåvene samfunnet har. Alle barn og unge treng vaksne som møter dei med omsorg, tryggleik og tilhørsle; i barnehagen, på skulen og elles der barn og unge oppheld seg.

Utdanningsløpet startar for dei fleste barn allereie i barnehagen, og varar opp gjennom barne -og ungdomstida og heilt inn i til vaksenlivet. Å legge til rette for dette **læringslivet** gjennom trygge og gode læringsmiljø, der barn og unge utviklar lærelyst, meistring og tru på eigne evner er avgjerande her og no, og i framtida. I Vestre Slidre er kulturskulen ein viktig del av dette læringslivet. Vi prioritærar at barn og unge skal få lik moglegheit til kulturell deltaking og uttrykkje seg gjennom kunst- og kulturuttrykk. Vi har og eit sterkt forkus på kva for positiv gevinst det har for barn og unge å vekse opp med nærliek til flott natur og store friluftsområde. Målet for utdanningsløpet er at barn og unge skal kunne utvikle kunnskapar og ferdigheter som set dei i stand til å lukkast vidare i utdanning, arbeid og samfunnssdeltaking.

### 2.2 Vestre Slidre skal fremje folkehelse, inkludering og universell utforming

Arbeidet med folkehelse og inkludering skal bidra til å skape eit samfunn som fremjer helse i heile befolkninga, med særleg vekt på barn og unge og på utjamning av sosiale forskjellar. Alle orienterings – og bevegelseshemma, eller med andre utfordringar skal bli ivaretake. God folkehelse startar tidleg og varar livet ut. Gjennom deltaking i kultur og idrett skal barn og unge utvikle identitet, integritet og oppleve livsmeistring. Hovudarena for dette er barnehagane, skulen, kulturskulen, biblioteket og ikkje minst frivilligheita.

Informasjon og haldningsskapande arbeid om sunne val innafor fysisk -, psykisk - og sosial helse vil vere eit bidrag til å stimulere til sunt kosthald, fysisk aktivitet og sosial omgang med andre.

## 2.3 Vestre Slidre skal fremje samarbeid og samhandling

### Samarbeid med foreldre/føresette og nære nettverk

Familien er den viktigaste ramma rundt barns oppvekst. Dette krev at foreldre/føresette får moglegheit til å vere den viktige ressursen dei er. Dette krev gode rutinar og arenaer for samarbeid gjennom heile oppveksten.

### Fleirfagleg internt samarbeid og samhandling

For å ivareta ein god oppvekst trengs og eit **sikkerheitsnett** i tillegg til familien – eit nettverk av vaksne som samarbeider til barnets beste. Helsestasjon, barnevern, tilrettelagte tenester, psykisk helseteneste og PPT har alle ei sentral rolle dette nettverket. Det krev ei tverrfagleg tilnærming, med gode interne samarbeidsrutinar som sikrar kvalitativ god hjelp til barn, unge og familiar som treng det – når dei treng det.

### Samarbeid med frivillige

For å skape aktivitet og sikre at barn, unge og vaksne får opplevelingar som er med på å danne identitet og røter til **bygda og grenda mi**, er kommunen heilt avhengig av frivillige. Dette krev at vi legg til rette for og viser at vi set pris på all frivillig innsats som skjer i kommunen.

### Regionalt samarbeid

Det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle det gode samarbeid i Valdres inna oppvekstsektoren. Nettverksbygging innad og på tvers av fagområde, kompetanseheving og samhandling er vesentlege faktorar for små fagmiljø i Vestre Slidre. Samarbeid og samhandling med tenester knytt til BUP/DPS/familievernkontor er og avgjerande for at barn og ungdom som treng det skal få ei koordinert og målretta oppfølging.  
Kommunens tenester innan oppvekst er styrt av ei rekke lovverk, stortingsmeldingar, planar, retningsliner og strategiar på nasjonalt nivå.



### **3 VIKTIGE SATSINGSOMRÅDE 2018 - 2030**

---

Noko av dei viktigaste måla i oppvekstpolitikken er:

- Å førebyggje framfor å reparere
- Å setja inn innsats tidleg
- Å få alle ledd og nivå i helse - og oppvekstsektoren til å arbeide tettare saman
- Å arbeide for eit samanhengande utdanningsløp for heile menneske
- Å sikre barn og unge trygge psykososiale oppvekstvilkår
- Å sikre barn og unge medverknad – «ko æ viktig før de?»

Frå regionalt og lokalt nivå kjem det og føringar. Dei viktigaste for denne kommunedelplanen kjem frå kommuneplanens samfunnssdel.

#### **3.1 Knallstart**

*Ein god start og tidleg innsats er avgjерande for ei god utvikling. Tidleg innsats må starte allereie frå barnet er født, og bli ivaretake vidare i oppveksten gjennom oppstart i barnehagen, i grunnskulen og SFO, i vidaregåande skule og i overgangane mellom desse. Barn og unge treng vaksne som tek ansvar, følgjer tett opp, samarbeider og er gode rollemodellar.*

##### **Alle barn og unge i Vestre Slidre skal oppleva:**

- ein trygg og god barndom der dei blir ivaretakne av omsorgsfulle vaksne gjennom heile oppveksten
- eit godt møte med kommunens tilsette og tenester, frå svangerskapskontroll og opp til vaksenlivet
- oppvekstarenaer der dei får oppleva meistring, glede, medverknad og kjensle av tilhøyre
- gode rutinar og trygge vaksne som sikrar gode overgangar til barnehage, grunnskule og vidaregåande skule

##### **Dette må gjerast:**

- støtte og styrke foreldre i omsorgs- og oppdragerrolla
- sikre alle barn og unge eit godt tilbod der barnets beste står i fokus
- sikre at alle tilsette har relevant fagkompetanse som heng saman med dei utfordringane barn og unge til einkvar tid møter
- sikre gode rutinar for å fange opp og følge opp barn som treng ekstra hjelp og støtte så tidleg som mogleg, og jobbe heilskapleg rundt barnet
- vidareutvikle rutinane for overgang mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande skule, og sjå heile opplæringsløpet i ein samanheng

##### **Vestre Slidre kommune skal ha tilsette som:**

- er omsorgsfulle, ansvarsbevisste, engasjerte og trivast i arbeidet med barn og unge
- legg til rette for eit godt foreldresamarbeid og finn gode løysingar saman med barn/ unge og deira familiar
- har oversikt over kva hjelp som fins, og kvar barn og familiar skal henvende seg

## 3.2 Læringslivet

*Vi skal legge til rette for at alle barn og unge får lærelyst **for livet**, og i **livet** sitt gjennom tidlig innsats og kvalitet i barnehagane og skulen. Både biblioteket og kulturskulen er ressurssenter som skal medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfaldning i lokalsamfunnet.*

### Alle barn og unge i Vestre Slidre skal oppleve:

- meistring og lærelyst gjennom leik og varierte arbeidsmetodar
- ein trygg og engasjert heim som ein viktig føresetnad for læring
- ein kultur der nysgjerrigkeit, prøving og feiling er ein naturleg del av læringsprosessen
- å bli sett og høyrt, og få høve til å medverke i eigen kvardag og vere ein del av eit fellesskap
- å utvikle god sjølvkjensle, tru på eigne evner og mot til å ta eigne val
- å utvikle sosiale, kulturelle, teknologiske og digitale ferdigheter som gjer dei i stand til å oppleve livsmeistring og lukkast vidare i utdanning, arbeid og samfunnseitaking
- å utvikle bevisstheit rundt ivaretaking av eiga fysisk og psykisk helse

### Dette må gjerast:

- sikre at tenestetilboden har høg fagleg kvalitet med profesjonelle og kompetente tilsette som søker utvikling gjennom refleksjon og endring
- sikre eit godt og trygt læringsmiljø gjennom kontinuerleg og systematisk førebyggjande arbeid, med fokus på psykisk helse
- sikre eit godt heilskapleg og tverrfagleg samarbeid
- utvikle samarbeidet mellom kulturskule og grunnskule for å skaffe, bevare og auke kompetansen i felles fagområde
- sikre eit tett og godt samarbeid med heimen gjennom openheit, tydelegheit og involvering for å skape engasjement og sikre tett oppfølging
- nytte lokalmiljøet og lokalt næringsliv som ein ressurs for barnehagar og skule. Bygge kollektiv kapasitet og kompetanse gjennom arbeidsplassbasert kompetanseutvikling
- legge til rette for at dei som ynskjer det får læringetida si i Vestre Slidre, og dermed kan sikre seg moglekeit til eit yrkesretta utdanningløp
- styrke breibandstilgang i heile kommunen for å gje grunnlag for betre støtte til utdanning og oppfølging for barn og unge

### Vestre Slidre kommune skal ha tilsette som:

- har nødvendig fagleg kompetanse, er omsorgsfulle og engasjerte i barn og unge si utvikling og læring
- er løysingsfokuserte og gjev alle like gode føresetnader for å utvikle sine evner uansett alder, kjønn og funksjonsnivå.
- legg til rette for meistring, og stimulerer nysgjerrigkeit og lærelyst gjennom tilpassa og varierte læringsmetodar
- arbeider systematisk med psykisk helse, og har vilje, kompetanse og mot til å gjera sitt ytterste for å skape eit trygt og inkluderande læringsmiljø
- bidreg til eit tett tverrfagleg samarbeid der rutiner og forventningar til kvarandre er tydeleggjort og kjent for alle involverte
- anerkjenner betydninga av kunst, kultur og fysisk aktivitet i opplæringa
- har kontakt med nærmiljø og bedrifter, og gjev høve til engasjement og entreprenørskap
- utforskar kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med barn og unge
- har eit bevisst forhold til å ivareta barn og unges personvern og utøver digital dømmekraft

### 3.3 Sikkerheitsnett

*Nokre barn og unge treng ekstra innsats for å oppleve tryggheit, tilstrekkeleg omsorg, læring og meistring. Familien er den viktigaste og mest verdifulle ramma rundt oppveksten for barn og unge. Dersom familien blir ein uthygg arena for barn og unge, eller dei opplever andre utfordringar, er dei avhengige av eit sikkerheitsnett. Det er viktig at alle kjenner til og kan bruke dette når behova hjå det einskilde barn oppstår. Eit godt sikkerheitsnett er avhengig av eit heilskapleg og samanhengande tverrfagleg samarbeid. Aktørane må ha kunnskap og bevisstheit om si eigen og dei andre aktørane si rolle og kompetanse, samt ei klar forståing av kva for ansvar som fyljer denne rolla.*

**Alle barn og unge i Vestre Slidre skal oppleva:**

- ein trygg og god oppvekst, prega av forutsigbare rammer og god omsorg
- å bli sett, høyrte og teke på alvor
- tidlig, heilskapleg og koordinert innsats som ivaretak den einskilde og sikrar rett hjelp til rett tid, i nært samarbeid med heimen
- eit inkluderande og psykisk helsefremmande miljø, fritt for mobbing

**Dette må gjerast:**

- sikre kompetanse og ansvarleggjere kvar enkelt tilsett i arbeidet med å fange opp og følgje opp barn og unge ved behov
- sikre eit koordinert og velfungerande tverrfagleg samarbeid, med kjennskap til kvarandres roller og kompetanse
- sikre låg terskel for å ta kontakt med tilsette dersom barn / unge treng nokon å samtale med
- sikre eit psykisk helsetilbod til foreldre for å ivareta familiar som har det vanskeleg
- sikre tilbod om fagpersonell innan helse, også i barnehage og skule

**Vestre Slidre kommune skal ha tilsette som:**

- ivaretak alle uansett funksjonsnivå, og har tru på at alle kan utvikle seg og lære
- gjev likeverdig oppfølging og tilpassa opplæring til barn og unge med særskilde behov
- har gode rutinar for identifisering, kartlegging og oppfølging
- etterfølgjer melde – og opplysningsplikt, og er i stand til å identifisere omsorgssvikt
- har eit godt samarbeid med foreldra, og gjennom det får kjennskap til kva barnet og familien treng



## 3.4 Bygda og grenda mi

*Miljøet der barn og unge veks opp er viktig for god oppvekst og utvikling. Samarbeid mellom innbyggjarar, lag/foreiningar og kommunen sine tenester er viktig for å lykkast. Eit godt naboskap i ei bygd er avgjerande for å fremje god folkehelse, livskvalitet og gode oppvekstvilkår, og bidreg til førebygging av rus og kriminalitet hjå barn og unge.*

*Vi skal ha fokus på at alle vaksne er vaksne for alle barn.*

### Alle barn og unge i Vestre Slidre skal oppleva:

- å kjenne tilhøyre til lokalsamfunnet, og å lære seg å bruke dei moglegitene Vestre Slidre har å by på, til dømes innan friluftsliv
- å utvikle kjennskap til og kunnskap om kulturarven i Vestre Slidre, og med det gro røter her
- meistring og glede gjennom meiningsfulle fritidsaktivitetar, også om ein ikkje finn dette innanfor aktivitetar med idrett eller kultur
- sunn oppvekst med fysisk aktivitet og riktig kosthald

### Dette må gjerast:

- sikre at alle barn og unge uansett bakgrunn, funksjonsnivå, legning eller etnisitet har lik moglegheit til eit breitt fritidstilbod
- legge til rette for trygge oppvekstmiljø nær naturen, som stimulerer til fysisk aktivitet og sosial omgang med andre
- integrere aktivitetar og opplevelingar knytt til landbruk og lokal matproduksjon i barnehage og skule
- løfte kulturskulen som eit ressurscenter, i nært samarbeid med barnehage og skule
- auke satsinga på å få ungdom og unge vaksne til å busetje seg i kommunen
- syte for at det finst framkomstmogleheter utan å køyre bil. Laga gode mogleheter for å gå og sykle
- legge til rette for aktiv bruk av grendahusa i nær samarbeid med lag og foreiningar

### Vestre Slidre har tilsette og andre vaksne som vil:

- marknadsføre livet i Vestre Slidre som merkevare. Det gir grunnlag for tilflytting og stoltheit over bygda ein kjem frå
- oppretthalde det som finst og opprette fleire konstruktive aktivitetar for dei som ikkje har interesse for idrett eller musikk
- finne funksjonelle samarbeidsformer på tvers av kommunale tenester, lag og foreiningar
- syte for at friluftsliv vert ein raud tråd gjennom heile oppveksten
- skape fleire lett tilgjengelege møteplassar

## 3.5 Vestre Slidre i verda og verda i Vestre Slidre

I Vestre Slidre finn ein mange ulike nasjonalitetar, språk og kulturar. Det fleirkulturelle og fleirspråklege er ein del av kvardagen der vi deler kunnskap, tradisjonar, kulturelle uttrykk og verdiar.

Vi er alle ein del av eit fellesskap, der kvar og ein har rett til å verte anerkjent, sett og gjeve likeverdige moglegheiter.

### Alle barn og unge i Vestre Slidre skal oppleva:

- å vere inkludert i fellesskapet på alle arenaer
- å bli verdsatt for og kjenne stoltheit over den ein er uansett bakgrunn, funksjonsnivå, legning og etnisitet
- å få høve til å uttrykke seg og medverke i eigen kvardag ut frå eigne føresetnader
- eit fordomsfritt lokalsamfunn utan noko form for diskriminering og trakasering
- at teknisk innovasjon i Vestre Slidre går i takt med resten av samfunnet

### Dette må gjerast:

- utnytte lokal kultur, fleirkulturell og fleirspråkleg kompetanse som ein ressurs på ulike arenaer
- sikre gode rutiner for kommunikasjon, samarbeid og involvering med heimen
- sikre fleirkulturell kompetanse hjå tilsette i barnehagane og skulen
- sikre kunnskap om lokal kultur hjå tilsette i barnehage og skule
- involvere og informere barn og unge om kva som skjer i verda rundt oss – og bidra til at barn og unge får innsikt.
- styrke barn og unges identitet og kjensle av å høyre til i Vestre Slidre gjennom natur-og kulturopplevelinger

### Vestre Slidre har tilsette og andre vaksne som vil:

- legge til rette for gode møter med både innfødde og «innfløtte», der alle kan presentere sin kultur og sine kulturuttrykk med stoltheit
- nytte foreldre som ein ressurs i arbeidet med haldningar og integrering
- gjere informasjon og fritidstilbod lett tilgjengelig også for heimar der det er vanskeleg med norsk språk eller dei vanlege informasjonskanalane



## **4 LANGSIKTIGE UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR**

---

### **4.1 Livsmeistring**

Utvikling av sjølvtilleit, sjølvrespekt og ein trygg identitet er særleg avgjerande for ein god oppvekst. Stadig fleire barn og unge veks opp med to heimar. Barn og unge treng eit forutsigbart oppvekstmiljø med trygge rammer og gode rollemodellar som dei kan diskutere og forhalde seg til i vanskelige spørsmål.

Livsmeistring handlar om å handtere oppgåver og utfordringar ein møter i livsløpet, og ta ansvarsfulle og bevisste val. Det er eit aukande problem at fleire unge slit med å meistre livet sitt. Barn og unge treng å tilegne seg kunnskap og ferdigheter som bidreg til god meistringskompetanse. For å forhindre ekskludering og utanforskning må dei som arbeider med barn og unge kunne identifisere og kartlegge uheldige samspelsmønster, og følge opp med naudsynte tiltak. Kvaliteten på barnehagen og skulen som møteplass har stor betydning for barn og unge si trivsel og meistring. Systematisk førebyggjande arbeid med relasjonar og psykososialt miljø, i tett samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar, vil vere avgjerande for å stoppe ei negativ utvikling så tidleg som råd. Dette vil kunne bidra til å redusere faren for därlege erfaringar og negative psykososiale konsekvensar.

I samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar, skal barnehagen og skulen førebu barn og unge på eit godt vaksenliv, med dei moglegheitene og utfordringane som følgjer med. Kulturskule og andre fritidstilbod kan og i endå sterkare grad enn no legge til rette for å bidra til å styrke sjølvkjensle og bygge identitet. Dugnadsand og frivillig innsats er viktige faktorar for å skape eit godt oppvekstmiljø. Viljen til frivillig arbeid har vore dalande dei siste ti åra. Frivilligentralen blir ein endå viktigare aktør for å koordinere frivillig innsats på tvers av interessefelt, generasjonar og bakgrunn, og til å vere inspirator for frivillige tiltak.

Dagens generasjon har ein heilt annan kvardag enn tidlegare generasjonar. Dei har ingen fysiske utfordringar i dagleglivet, utanom den dei aktive får gjennom idrett og friluftsliv. Dette krev at barnehage og skule, i samarbeid med føresette, har eit særleg fokus på fysisk aktivitet i kvardagen.

### **4.2 Demokrati og medborgarskap**

Barn og unge skal stimulerast til samfunnsseltaking på ulike aktuelle arena og i lokalsamfunnet. Temaet demokrati og medborgarskap skal gje barn og unge ei forståing av dei utfordringane som ligg i å leve saman i eit fellesskap, og betydninga av at alle har den same retten til å delta i utforminga av samfunnet.

Å leggje til rette for eit godt oppvekstmiljø forutset kunnskap om kva barn og unge sjølv ynskjer og har behov for. Barns rett til medverknad er forankra i FN sin barnekonvensjon, i tillegg til Barnehagelova §1 og Opplæringslova §1-1. Retten til medverknad handlar om at alle barn og unge skal bli høyrt i saker som angår dei, og ha høve til å påverke sin eigen kvardag. Medverknad gjev barn og unge ei oppleving av at ein har verdi og kan få bidra, og fremjer både helse, trivsel og læring. Barn og unge sin rett til å kome med synspunkt på drifta og aktivitetane dei deltek i, må difor forankrast i barnehage og skule og på andre areanaer der barn oppheld seg.

## 4.3 Bærekraftig utvikling

Bærekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og å ta vare på behova til menneske som lever i dag utan å øydelegge fremtidige generasjonars høve til å dekke sine. Vestre Slidre skal vera ei framtidsretta matproduksjonskommune, der det skal visast vilje til utvikling og nytenkning. Vi skal nyte natur og kulturell bakgrunn frå vår tradisjon med støling og tradisjon frå landbruket. Barn og unge skal gjerast i stand til å drøfte og ta reflekerte val om kva som er nødvendig for ei bærekraftig utvikling for alle. Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståinga for naturens eigenart og barn og unges vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til bærekraftig utvikling. Barn og unge skal setjast i stand til å tenkje kritisk, handle etisk og miljøbevisst.

Bærekraftig utvikling kan knyttast til barnehagens verdigrunnlag, samfunnsmandat og til pedagogisk arbeid i barnehagens kvardag. Ei gryande forståing for bærekraftig utvikling inneber formidling og praktisk arbeid knytt til barns opplevingar, nysgjerrighet og medverknad. I læreplanverket for grunnopplæringa er bærekraftig utvikling eitt av tre tverrfaglege tema. Teknologisk kompetanse og kunnskap om samanhengen mellom teknologi og dei sosiale, økonomiske og miljømessige sidene står sentralt.

## 4.4 Digitalisering

I alle delar av samfunnet har informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) ein sentral plass. Vi skal utvikle eit utdanningssystem som rustar barn og unge til å handtere ei verd som endrar seg raskt. Vi må difor bidra til at framtidige arbeidstakarar har den kompetansen dei treng i eit arbeidsmarknad vi ikkje veit korleis ser ut, og dermed sørge for at grunnopplæringa er oppdatert og framtidsretta. Det handlar og om lære å handtere og leve med dei moglegheitene og utfordringane som eit stadig meir digitalisert og teknologisk samfunn fører med seg.

Dei fleste barn kjem til barnehagen og skulen med kunnskap om og erfaringer med bruk av digitale verktøy. Digitale verktøy kan vere ei kjelde til samhandling, kommunikasjon og innhenting av kunnskap, og bidra til å utvikle språk og sosialt samspeil. Barnehagens digitale praksis skal vere med på å bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barns læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanens føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. I skulen skal digitale arbeidsmåtar støtte barn og unge si utvikling og læring, og digitale verktøy er eit viktig pedagogisk hjelpemiddel i dei tilsette sitt daglege arbeid. Bruk av digitale verktøy skal bidra til utvikling av gode læringsstrategiar som fremjer barn og unges motivasjon for læring, arbeidsglede og engasjement.

Auka tilgang til digitale hjelpe midler gjer utfordringar knytt til barns sikkerheit på nett. Barnehage og skule har ei viktig rolle for å gje barn nødvendig beskyttelse mot skadleg innhald på nett, men og foreldra sitt ansvar er heilt grunnleggjande. Barnehagen og skulen har ei viktig oppgåve i å støtte barn slik at dei utviklar god digital dømmekraft. God digital dømmekraft vil vere viktig som livsferdigheit for barn og unge for å meistre ein digital kvardag både i barnehage og skule, såvel som i fritida. Kritisk tenkning og teknologisk forståing, grunnleggjande ferdigheiter og sosialt samspeil er alle emner som heng saman med, vert påvirka av og påverker digitaliseringa. For å vere i stand til å utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene og fagkunnskapen hjå barn og unge, stiller dette krav til profesjonsfagleg digital kompetanse og digital dømmekraft hjå dei tilsette. Denne kompetansen er avgjerande for å

kunne styrke barn og unge sitt læringsutbytte, sørgje for gode læringsstrategiar, gje tilpassa opplæring i utdanningsløpet og ikkje minst bidra til at barn utviklar ei etisk forståing av sosiale media.

## 4.5 Kompetanse og kvalitet for framtida

For å kunne møte morgondagens utfordringar og legge til rette for god og heilskapleg praksis innanfor oppvekstfeltet, er det naudsynt å bruke erfaringar både frå praksis, innan nyare forsking og frå barn og unge sjølve.

Å sikre ein god oppvekst krev at vi har kompetente leiarar og fagleg reflekterte vaksne. Dei tilsette si kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for at barn og unge skal trivast og utvikle seg. Eit kompetent personale vil kunne sjå, anerkjenne og følge opp barn og unge i deira utvikling.

Å investere i dei tilsette si kompetanse er difor å investere i barn og unge.



## 5 FØRINGAR

---

Dokument som gjev føringar for kommunen sitt oppvekstarbeid på nasjonalt nivå:

FNs barnekonvensjon;

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)

Helsedirektoratet: *Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027*;

<https://helsedirektoratet.no/Documents/Folkehelsearbeid%20i%20kommunen/Program%20for%20folkehelsearbeid%20i%20kommunene%202017-2027.pdf>

Helsedirektoratet: *Miljø og helse i skolen - Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler*;

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/419/Miljo-og-helse-i-barnehagen-Veileder-til-forskrift-om-miljørettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-IS-2072.pdf>

Meld. St. 34 (2012 – 2013) *God helse – felles ansvar*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-34-20122013-2/id734949/?q=meld.st.34>

Barne-og likestillingsdepartementet: *Lov om barneverntjenester*

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

Kunnskapsdepartementet (2005): Lov om barnehagar;

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Kunnskapsdepartementet ( 2017): *Rammeplan for barnehagen*;

<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>

Meld. St. 41(2008-2009) *Kvalitet i barnehagen*;

<https://www.regjeringen.no/contentassets/78fde92c225840f68bce2ac2715b3def/no/pdfs/stm200820090041000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 24 (2012-2013): *Fremtidens barnehage*;

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2e8ad98938b74226bc7ff395839434be/no/pdfs/stm20122013002400dddpdfs.pdf>

Meld.St.19 ( 2015-2016): *Tid for lek og læring*;

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/stm20152016001900dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet: *Kompetanse for framtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekryttering 2018-2022*;

[https://www.regjeringen.no/contentassets/7e72a90a6b884d0399d9537cce8b801e/kompetansestrategi-for-barnehage-2018\\_2022.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/7e72a90a6b884d0399d9537cce8b801e/kompetansestrategi-for-barnehage-2018_2022.pdf)

Læreplanverket *Kunnskapsløftet ( grunnskole)*;

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/hvordan-er-lareplanene-bygd-opp>

*Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*;

<https://www.regjeringen.no/contentassets/37f2f7e1850046a0a3f676fd45851384/overordnet-del---verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen.pdf>

Meld.St. 28 (2015-2016): *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av kunnskapsløftet*;

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm20152016002800dddpdfs.pdf>

Meld. St. 21 ( 2016-17): *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*;  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/71c018d2f5ee4f7da7df44a6aae265bc/no/pdfs/stm201620170021\\_000dddpdfs.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/71c018d2f5ee4f7da7df44a6aae265bc/no/pdfs/stm201620170021_000dddpdfs.pdf)

Kunnskapsdepartementet: *Kompetanse for kvalitet. Strategi for videreutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025* [https://www.regjeringen.no/contentassets/731323c71aa34a51a6febdeb8d41f2e0/kd\\_kompetanse-for-kvalitet\\_web.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/731323c71aa34a51a6febdeb8d41f2e0/kd_kompetanse-for-kvalitet_web.pdf)

Kunnskapsdepartementet (2017): *Framtid, fornyelse og digitalisering*;  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/dc02a65c18a7464db394766247e5f5fc/kd\\_framtid\\_fornyelse\\_digitalisering\\_nett.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/dc02a65c18a7464db394766247e5f5fc/kd_framtid_fornyelse_digitalisering_nett.pdf)

Norsk kulturskoleråd: *Rammeplan for kulturskolen*;  
<http://www.kulturskoleradet.no/rammeplanseksjonen/rammeplanen>

**Dokument som gjev føringer for kommunen sitt oppvekstarbeid på regionalt og interkommunalt nivå:**

Regional planstrategi 2016 – 2020 – Mulighetenes Oppland i en grønn framtid  
Regional plan for folkehelse 2012 – 2016  
Regional plan – kompetanse for arbeidsliv i rask endring 2018 - 2030  
Innlandet universelt utformet 2025 – felles strategi for Hedmark og Oppland  
Kulturstrategi for Oppland 2016 – 2020  
Oppland fylkeskommune, Strategiplan for idrett, 2015  
Interkommunal plan i Valdres mot vold i nære relasjoner 2018 – 2021  
Bibliotekplan for Valdres 2013 – 2017  
Regional plan for verdiskapning  
Oppland fylkeskommunes kulturstrategi  
Oppland fylkeskommunes ungdomsstrategi  
Strategi for videregående opplæring.

**Kommunale føringer**

Kommunens samfunnsdel 2017 – 2029  
Vedtekter for barnehagane i Vestre Slidre  
Vedtekter for SFO i Vestre Slidre  
Kommunedelplan for trafikksikkerheit 2017 – 2021  
Kulturminneplan for Vestre Slidre 2017



